Høgskolen i Hedmark
Campus Hamar

HA

GRAVDAHL
BOKHANDEL

Skrivekonkurransen 2012

Skrivekonkurranse for elevar på vidaregåande skolar i Hamar-regionen

Høgskolen i Hedmark, i samarbeid med **Hamar Arbeiderblad** og **Gravdahl bokhandel**, inviterer elevar på vidaregåande skolar i Hamar-regionen (”Hedmarken”) til den 3. årlege skrivekonkurransen.

Alle innsende tekstar vil bli samla i ein perm på Café Gravdahl på Hamar, der dei vil vere tilgjengelege i nokre veker etter at konkurransen er avslutta. Dei tre beste tekstane vil bli publiserte i Hamar Arbeiderblad og blir premierte med pengepremiar:

1. **Premie: kr. 5.000.-**
2. **Premie: kr. 3.000.-**
3. **Premie: kr. 1.000.-**

Konkurransevilkår:

- Konkurransen gjeld berre elevar på vidaregåande skolar i Hamar-regionen (Hedmarken).
- Konkurransen gjeld berre elevar og ikkje lærarar (men lærarar kan rettleie).
- Ein kan skrive åleine eller saman med maks. to medelevar. Dersom fleire skriv saman, blir ein eventuell gevinst delt blant medlemmane i skrivegruppa.
- Teksten skal vere på mellom 3500 og maks. 5000 teikn (inkl. mellomrom).
- Teksten skal handle om eit språkleg tema.

Ein kan ta utgangspunkt i stoff som er gjennomgått på skolen, eller sjølv finne eit språkleg tema ein personleg er oppteken av, t.d. dialekten til besteforeldra, foreldra eller venner, gards- og stadnamn i nærområdet, familienamn, merkelege eller spennande ord og uttrykk, språket på SMS, chat eller Internett, fotball- eller ishockeyspråk, musikk som språk, jenteprat, babyspråk, språket i Harry Potter eller annan norsk eller omsett litteratur, norsk som andrespråk, bokmål, nynorsk eller samnorsk. Dette er berre nokre forslag til tema. Finn noko du trur vil vere interessant å lese for andre!

Teksten vil bli vurdert av ein jury med utgangspunkt i kor godt den kommuniserer i forhold til ein lesar med naturleg interesse for temaet, men utan store forkunnskapar.

Bidrag (og ev. spørsmål) skal sendast per **e-post** til jens.haugan@hihm.no **innan 12.03.2012**.

Deltakarar skal også skrive kort om kva skole dei går på, kven som er norsklæraren deira, og korfor dei valde å skrive nettopp den teksten dei vel å delta med.

Vinnarane av skrivekonkurransen vil bli kåra innan to veker etter innleveringsfristen.
Prisutdelinga vil skje på Gravdahl bokhandel, og vinnartekstane vil bli publiserte i Hamar Arbeiderblad.

Lykke til med skrivinga!